

Fredag 30. mars (palmehelga) kjem ingen ringare enn VASSENDGUTANE til Uskedalen for å spela under årets fyrste låvedans på Dønhaug. Dette bandet er eit av dei mest etterspurde band i dag og er kjend for dei aller fleste.

Bandet vart stifta i -96, tufta på rein moro. Sidan har det berre blitt meir og meir av det. Noko som gjenspeglar seg på dansane/konsertane der dei spelar. Dei trekke fulle hus der dei opptrer, og dei byr på god musikk, gode tekstar, forrykande framføring og framfor alt ekte speglede. Dette likar folk i alle aldrar, enten dei er ute for å høyra musikk, eller for å dansa.

Vassendgutane er ein eigen genre, og om ein skal finne eit anna namn må det vera "fest-country". Tekstar og melodiar er sjølvlagde, og dei fleste tema er henta frå kvardagen i norsk bygdeliv. Bandet har fleire CD-utgjevingar på samvitet med svært gode salstal, bl.a. oppnådde dei gullplata for "Ungkar med dobbelseng".

Dansearrangøren på Dønhaug, Magne Huglen er svært nøgd med å ha sikra seg eit så ettertrakta band til den fyrste låvedansen i 2007. Å få oppleve dette bandet på Dønhauglåven, vil garantert bli ei oppleving av dei sjeldne. Her er dei verkeleg i sitt rette element. Bandet vart booka i oktober, og speleplanen lagt ut på Vassendgutane si heimeside. Dette har folk oppdaga, og utruleg mange har ringt for å sikra seg billetter. Alle har fått same svar - billettsalet startar fyrst i byrjinga av mars og då gjeld prinsippet "fyrstemann til mølla".

Besetning til Vassendgutane er denne:

Sindre Aam – Bass/Song

Artur Johan Bjørdal – Gitar/Song

Ernst O. Brune - Trekkspel

Rune Ståle Brautaset – Gitar/Song

Robert Lien – Trommer

Lars Egil Vågseter – Steelgitar

Eivind Skjerdal – Elgitar